

Hevdar å ha verdas beste nautiske utdanning



RØYNDOMEN: Denne simulatoren er ein del av den nautiske utdanninga ved NTNU i Ålesund. Utdanninga er utvikla teknologisk i samband med utvidinga av Norsk Maritimt Kompetansesenter. ALLE FOTO:

Høgteknologiske simulatorar er stikkordet på Norsk Maritimt Kompetansesenter i Ålesund der dei utdannar kapteinar, styrmenn og matrosar.

FORSKNING

Jørn-Arne Tomasgard
Ålesund

– Skilnaden frå tidlegare då vi måtte gå den harde vegen ute på båt, er at studentane no får 500-600 timar i simulator med 3D-kart over den vanskeleg norskekysten, i løpet av treårig bachelorutdanning. Her kan vi øve og gå på så mange skjær vi vil utan at det får konsekvensar, seier programansvarleg for bachelorgraden i nautikk ved NTNU i Ålesund, Arnt Myrheim-Holm.

Nautikkutdanning

Det siste utbyggingssteget ved Norsk Maritimt Kompetansesenter (NMK) er no ferdig, noko som

gjer at nautikkutdanninga har fått endå betre plass og endå betre utstyr. Dei disponerer til saman fem skipssimulatorar, tre forskningssimulatorar og tre navigasjonslaboratorium.

Samla er det 23 maritimt relaterte simulatorar i senteret.

– Konseptet her på NMK er unikt i verdssamanheng. Det er tilbakemeldingane vi får frå folk som kjem hit frå heile verda og som veit kva dei snakkar om. Dei gjev uttrykk for at dei får «bakoversveis» av det som møter dei. Vi er eit framtidsretta, innovativt, forskningsbasert senter. Og studentane går her saman med verksemdar som er med og bygger landet, til dømes Rolls-Royce, Blue Innovation Arena, Inmarsat og Offshore Simulation Center, legg Myrheim-Holm til.

Styrmenn og matrosar

Han meiner det er bra å få merksemd kring denne utdanningsvegen retta mot fiskeri, for han seier inntrykket er at fiskerinæringa har ein tendens til å sjå bort frå høgare utdanning.

– Etter treårig nautikkutdanning her kan du i praksis inngå avtale med eit reiarlag og jobbe som kadett i 4-6 månader, og så kunne løyse ut dekksoffiser klasse 3 og dermed jobbe som styrmann, seier Myrheim-Holm.

Det er 40 studieplassar årleg

på utdanninga. Ved sist i nntak hadde 190 personar utdanninga som førsteprioritet. Kjønnssdelinga var om lag 80 prosent menn og 20 prosent kvinner. Myrheim-Holm trur utdanninga kan bli endå meir populær med tanke på den sist utbygginga.

– Interesse er i alle fall betydeleg større. Men dette veit vi ikkje før til våren.

Tilbyr kurs

Også matrosutdanninga ved Ålesund vidaregåande skule øver i simulatorane. Denne utdanninga er toårig, etter lærlingtid får du fagbrev.

Det høgteknologiske senteret er i tillegg relevant for folk som jobbar i havnæringa og som treng oppdatering på sertifikat. Selskapet NTNU Ocean Training tilbyr reiarlag og verksemdar å kome hit for kurs og oppdatering.

– Spesielt har vi hatt mange engasjement innan oppdrettsnæringa i det siste. Vi heldt mellom anna eit sjudagars kurs for Salmar i samband med deira nye konsept Occean Farming, også omtalt som Havmerda. Vi er ei verksemd i verksemda. NTNU Ocean Training er heileigd av NTNU. Vi er ein rein marknadsaktør som yt tenester til næringslivet, vi er ikkje statssubsidiert, understrekar kommersiell direktør Tor Erik Vaag.

FAKTA

Norsk Maritimt Kompetansesenter

- Norsk Maritimt Kompetansesenter (NMK) er en del av Campus Ålesund, og har som målsetting å være en av Norges aller viktigste møteplasser for kompetanse og utvikling. Visjonen er å gjøre NMK til et verdensledende maritimt senter.
- NMK utgjør i dag ca 39.000 kvadratmeter arealer, som huser flere store og viktige aktørene i den norske maritime klynga. Blant annet har Rolls Royce sitt Technology and Training Center her, og Inmarsat sitt hovedkontor for Nord-Europa ligger også her.
- I NMK er det flere titalls simulatorer, og Offshore Simulator Center har verdens mest avanserte offshore-simulator som en meget iøynefallende del av senteret. Simulatoren kan kobles sammen slik at man kan trene hele mannskap, og koble flere skip sammen i integrerte og avanserte operasjoner.

” Her kan vi øve og gå på så mange skjær vi vil utan at det får konsekvensar

Arnt Myrheim-Holm, NTNU i Ålesund

Eigedomsutviklar Kaj B. Westre brukar store ord når han skal skildre bygget der 15.331 nye kvadratmeter no står ferdig, i tillegg til dei 23.599 kvadratmeterane som blei opna for fem år sidan.

Nybygget har sju etasjar pluss parkeringskjellar. Prislappen berre på nybygget er kring ein

halv milliard kroner inkludert utstyr.

– Verdas viktigaste mingleplass for nisjar av maritime næringar, omtaler Westre bygget som.

Det inneheld blant anna «verdas beste maritime utdanning», ifølgje den same Westre.

– Vi veit i alle fall ikkje om nokon betre, seier eigedom utviklaren som har slått seg saman med blant andre Kjell Inge Røkke sin tidlegare konsernsjef i Aker, Leif-Arne Langøy, for å få realisert bygget. Langøy er også



Kaj B. Westre